

Til
Norges Vassdrags- og energidirektorat

Høyringsuttale Folkedal II kraftverk

Som stølseigarar i Almenningane vil me koma med ein høyringssuttale i høve konsesjonssøknad for bygging av Folkedal II kraftverk. Vår uttale er i høve overføring av vatn frå Kvanndalselva, noko me går sterkt i mot.

Stølane Almenningane ligg i Bordalsfjella, og vatnet som endar i Kvanndalselva kjem frå dette området. Her renn vatnet frå Herdabreida/Kistenuten (1125 moh.) og Veskreshorgi (1134 moh.), forbi Almenningane ned i Kvanngjelsfossen, ned Kvanngjelet, Kvanndalselva og ut i Hardangerfjorden. Dette er soleis eit langt vassdrag frå fjell til fjord.



At vatnet får renna fritt frå dei høge fjella på Voss og heilt ned i Hardangerfjorden er noko av det som er unikt og flott med dette vassdraget. Det er viktig at ein tek vare å slike lange vassdrag frå fjell til fjord, då det vert færre av dei etter kvart som fleire elvar vert utbygde.

Frå stølen i Almenningane har ein tilkomst til Kvanndalselva via den T-merka stien til Kvanndalsstølen eller stien mot Folkedal som går ned ved Kvanngjelsfossen. Derifrå kan ein gå i og ved sida av elveløpet. Terrenget er vilt, og ein får verkeleg kjensla å vera i natur som er urørt av menneske.



Etter å ha lese konsesjonssøknaden frå Hardanger Energi, vil me kommentera og stilla spørsmål ved ein del punkt i den.

1.4

I slutten av dette punktet står det at Kvanndalselva er vanskeleg tilgjengeleg. Me vil presisera at elva ikkje er vanskeleg tilgjengeleg i dei nedre delane. I dei øvre delane er elva og naturen vill og urørt, og her er det spennande å gå tur og fiska for dei som vil ha opplevingar utanom merka stiar.

1.5

Her står det at ein kan gå til Kvanngjelsfossen på sti. Men me vil tilføya at ein kan også gå vidare ned i Kvanngjelet viss ein ynskjer å oppleva vill og urørt natur og vassdrag, og å fiska.



1.6

Her står det at "Det er få av vassdragene i området som er bygget ut."

Korleis kan ein sei at det er få andre vassdrag som er bygd ut når nabovassdraget til Kvanndalselva i Folkedal er bygd ut? Og nabovassdraget på den andre sida i Lussand har fått konsesjon, i tillegg er Bjølvo litt lenger vest også bygd ut. Då vert det feil å hevda at få andre vassdrag i området er bygd ut. Det vert ekstra viktig å behalda Kvanndalselva urørt midt oppi alle desse utbygde vassdraga.

Det står også "Det meste av indre Hardanger er preget at samme type berggrunn og klimaforhold, og det er derfor mange trekk som går igjen i de ulike vassdragene."

Me vil presisera at Kvanndalen har eit særpreg som er ulikt andre elve-/dalføre. Her finn ein eit regnskogpreg på vegetasjonen, kanskje nettopp fordi naturen her er urørt.



Å gå oppover i Kvanngjelet, er som å vera i ein tropisk regnskog.

2.2.2

Me ber om at den delen der avløpet frå Kvanndalselva vert overført til Svortetjørni vert teke ut av utbyggingsplanane.

2.2.4

Å byggja ein dam som vert opp til 4 meter høg og 30 meter brei er eit stort inngrep når ein tenkjer på at dette i dag er eit område med urørt natur. Når ein hevdar at dette er eit lite inngrep, er det mest truleg fordi ein samanliknar med andre og større kraftutbyggingsprosjekt. Det vert ei feil samanlikning. Her bør samanlikninga vera i høve korleis dalen ligg urørt i dag, og då er dette eit stort inngrep. Å byggja ein so stor dam og få redusert vassføring, får også negative konsekvensar for fisken i elva.



Fisking i Kvanngjelet.

2.4

Her ser det ut som det er store fordelar og nesten ikkje ulemper ved tiltaket, og det er å dreia fokus vekk frå realitetane. Auka skatteinntekter og meir fornybar energi er velkjende argument for kraftutbygging, men her bør det vegast opp mot eit auka utbyggingspress på urørt natur og dei negative konsekvensane det har. Ein må ta seg råd til å sei nei til utbygging av vassdrag som er så unike som Kvanndaleselva, når me veit at me har eit stort potensiale i høve straumsparing og utnytting av andre energiformer som t.d. solenergi her i landet.

Det ser ut som ein underdriv ulempene for Kvanndal i søknaden, i høve til når ein les miljørapporten som er vedlagt konsesjonssøknaden.

3.7

Det vert sagt at det er ein generell nedgang i sjøaure i Hardanger. Kan det ha noko med naturinngrep som vert gjort? Er det ikkje difor viktig å oppretthalda normal vassføring i nokon vassdrag sidan mange andre er utbygde, for at det ikkje skal verta ytterlegare problem for sjøauren?

Tabell 12 i punkt 3.7

Når ein ser på tabellen, ser det ut som eit inngrep i Kvanndalselva vil ha liten negativ konsekvens, men dette vil me stille spørsmålsteikn ved. Me har teke det opp i punktet "Miljørapport".

3.9

Det står at vanskeleg terreng gjer at området er lite nytta til turføremål, men det betyr ikkje at det ikkje vert nytta. Borna våre har fått oppleva dette området, og er no opprørte over at det kan verta utbygging i elva.

Å hevda at inngrepet landskapsmessig ikkje vil medføra nokon negative konsekvensar vert heilt feil. Sjølv om det ikkje er mykje folk i området, vil inngrepet har betydelege negative konsekvensar. Her skal byggjast dam som er 4 meter høg og 30 meter brei, og det saman med den reduserte vassføringa vil for all framtid ta vekk mogelegheita til å oppleva denne ville urørte naturen. Er det greit å ta vekk denne mogelegheita for slike opplevingar for våre born og deira born? I takt med at fleire og fleire elvar vert utbygde, vert det færre og færre stader der ein kan få slike opplevingar. No må me ta vare på dei som er att, og spesielt slike spesielle stader som Kvanngjelet og Kvanndalselva er.



Far og son utforskar Kvanngjelet, noko også far gjorde som ung i lag med sin far.

3.14

Det står at "Fisket i Kvanndalselva vil sannsynligvis bli påvirket på grunn av mindre vann." Men likevel konkluderer ein med at tiltaket sine konsekvensar for temaet vil vera ubetydeleg negativ. Då må det vere lov å stille spørsmål ved om ein underdriv konsekvensane, slik at utbygginga skal framstå som den nesten ikkje har negative konsekvensar for Kvanndalen. Mindre vassføring kan gje auka vassstemperatur om sommaren og føra til at elva frys til om vinteren. Me er uroa over kva konsekvensar det kan få.

Miljørapport (vedlegg til konsesjonssøknad)

I miljørapporten frå Norconsult i 2016, er det teke opp at det er ein del middels til store negative konsekvensar i Kvanndal i høve utbygging. Så har ein i 2017 vore på ny befaring i øvre del av Kvanndalsvassdraget. Etter det kjem dei med konklusjonen at utbygging har liten negativ konsekvens i høve raudlisteartar og verdifulle naturtypar mm. Me meiner det må vera lov å stilla spørsmål om det er riktig å omklassifisera desse to kategoriane frå middels- stor negativ til liten negativ konsekvens. Blant anna fordi ein skriv at alle dei trua artane i Kvanndal er registrerte i midtre og nedre delar. Og det at ein ikkje har funne raudlista/trua artar i øvre del av elva, gjev ingen garanti for at det ikkje er slike artar der. Det er som sagt eit ulendt terreng som er vanskeleg å saumfara.

Me meiner ein må vektleggja at det vart gjort vurdering av miljøkonsekvensar på nesten identisk prosjekt i 2004 (NINA Minirapport 141/2006). Der vart konsekvensen av tiltaket vurdert til å vera middels negativt for fisk i Kvanndalselva og liten negativ konsekvens i Folkedalsvassdraget (side 26). Me ser det difor som viktig at overføring av vatn frå Kvanndalselva vert teke ut av prosjektet.

På side 30 i miljørapporten står det at "Kvanndal og Kvanndalselva vurderes å inneha stor verdi for tema naturtyper og vegetasjon", og det er beskrive kvifor. Men dette kjem ikkje fram i konsesjonssøknaden. Me meiner dette er vesentleg informasjon som støttar argumenta i høve til at ein ikkje bør gjera inngrep i Kvanndalselva.

I 4.4 står det at det er årvisst gyting av sjøaure i Kvanndalselva, og det meiner me er eit svært viktig argument for ikkje å røra denne elva. Det står også at bunndyrfaunaen er fattig og at den einaste ytre faktor som kan tenkjast å strukturera bunndyrsamfunnet er dei store variasjonane i vassføring som kjenneteiknar vassdraget, som kan tenkjast å berøra delar av faunaen gjennom periodevis tørrlegging. Kva då når vassføringa vert mindre? Då vert vel dei negative konsekvensane endå større.

I 4.5 oppsummering i miljørapporten står det at Kvanndal har middels verdi i tema fisk og ferskvannsbiologi, og tema naturtyper og vegetasjon har stor verdi. Dette kjem ikkje fram i konsesjonssøknaden frå Hardanger energi, og då må ein stilla spørsmål ved kvifor ikkje det? For Svortetjørn og Øvre Folkedal har ein sett liten verdi i tema "naturtyper og vegetasjon" og "fisk og ferskvannsbiologi". Det er difor viktig at ein skil mellom konsekvensane utbygginga har i Kvanndalsvassdraget og i Folkedalsvassdraget. Det er tydeleg at ei utbygging har fleire negative konsekvensar for Kvanndal, og difor bør elva her få vera urørt i framtida og.



Med von om at våre argument vert høyrte, slik at denne elva i stølsgrenda vår kan få renna fritt ned i Hardangerfjorden i framtida og.

Voss, 05.11.17
Marit Norheim Olde
Knut Arvid Olde